

Tilskotsordning for opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak 2020

1. Innleiing

Retningslinjer for tilskotsordninga på kap. 292, post 60 er fastsett av Kunnskapsdepartementet 18.12.2019, i henhold til § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 i Bestemmelser om statlig økonomistyring.

Tilskotsordninga består av tilskot til opplæring i norsk (asylnorsktilskot) og tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak (kulturtilskot).

IMDi har ansvaret for å forvalte tilskotsordninga.

2. Mål for ordninga

Målet med tilskotsordninga er at asylsøkarar kan oppfylle sin plikt til å delta i 175 timar opplæring i norsk og 50 timar opplæring i norsk kultur og norske verdier i mottak etter introduksjonslova § 20 bokstav a og tilhøyrande forskrift.

Tilskota skal bidra til at vertskommunar for mottak gjennomfører opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak, slik at asylsøkarar raskt får kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv.

2.1. Tilskotsmottakar

Tilskotsmottakarar er vertskommunar for mottak. Med 'mottak' meinast her ordinært mottak, integreringsmottak eller alternativ mottaksplassering (tilpassa butilbod etter avtale med Utlendingsdirektoratet).

2.1.1. Målgruppe for tilskotet

Asylsøkarar over 16 år som bur i mottak og er registrert inn i mottaket etter 1. september 2018, unntatt:

- asylsøkarar som er omfatta av 48-timers-prosedyren.
- asylsøkarar som er omfatta av Dublin-prosedyren (også mogleg Dublin-prosedyre).
- asylsøkarar over 18 år som har vorte nekta realitetsbehandling av søknad om opphaldsløyve.
- asylsøkarar som har fått vedtak av UDI om avslag eller innvilga søknad om opphaldsløyve.

3. Kriterium for måloppnåing

Asylsøkarar som har plikt til å delta i opplæring i norsk og opplæring i norsk kultur og norske verdier i mottak gjennomfører opplæringa.

4. Tildelingskriterium, herunder berekningsregla

4.1. Vilkor for å få støtte

Basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) blir tilskotet utbetalt automatisk til tilskotsmottakarar.

Dersom tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan tilskotsmottakar melde frå om dette til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

4.2. Berekningsreglar

Inngangen til målgruppa er ved registrering inn i mottak. Tilskot utbetales éin gong per asylsøkar som er i målgruppa.

4.2.1. Utbetaling av tilskot

For personar som kjem inn i målgruppa i 2020, blir tilskot utbetalt tidlegast i kvartalet etter at personar kjem inn i målgruppa.

Satsen for tilskot for opplæring i norsk er 14 100 kroner. Satsen for tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdiar er 4 000 kroner.

Tilskota vert utbetalt medio mai, medio august og medio november. For personar som kjem inn i målgruppa i 4. kvartal 2020, vil tilskot verte utbetalt medio februar 2021. Tabellen nedanfor syner utbetalingane av tilskot i 2020:

UTBETALING AV TILSKOT FOR 2020

Tentativ utbetalingsdato	Utbetalinga gjeld
15. mai 2020	Nye personar i målgruppa 1.1.–31.3.2020
15. august 2020	Nye personar i målgruppa 1.4–30.6.2020
15. november 2020	Nye personar i målgruppa 1.7–30.9.2020
15. februar 2021	Nye personar i målgruppa 1.10–31.12.2020

Etter utbetaling av tilskot, sender IMDi tilskotsbrev til kommunens elektroniske postmottak. Kommunen kan også sjå detaljerte opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

4.2.2. Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom personar som er i målgruppa for tilskota flytter til eit mottak i ei anna kommune i tilskotsåret, vil tilskotet automatisk delast likt mellom frå- og tilflyttingskommunen. Denne delinga skjer berre éin gong.

5. Oppfølging og kontroll

Opplysningar som er naudsynte for å gjennomføre, følgje opp og evaluere opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak i samsvar med introduksjonslova, skal registrerast av kommunen i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) jf. introduksjonslova § 25 bokstav a. I forskrift om behandling av personopplysningar etter introduksjonslova er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere, og kommunen skal registrere desse opplysningane innan to månadar.

Kommunane skal ikkje leggje fram særskild rekneskap for tilskot til norskopplæring i norsk og opplæring i norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har motteke, kan kommunane halde på tilskotet.

IMDi og Riksrevisjonen kan setje i gang kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane jf. Bevilgningsreglementet § 10 annan ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

6. Ansvar for å forvalte tilskotsordninga

IMDi har ansvar for å forvalte tilskotsordninga. Dette inneber at IMDi har ansvar for å:

- kunngjere ordninga
- utbetale tilskot
- utarbeide tilskotsbrev

7. Kunngjering av ordning

7.1. Kunngjeringsform

IMDi skal kunngjøre tilskuddsordningen på direktoratets nettsider etter at retningslinjene er godkjent av Kunnskapsdepartementet.

7.2. Innhaldet i kunngjeringa

Kunngjeringa skal informere om ordninga og blant anna formidle følgjande:

- målsetting for ordninga
- tildelingskriterium, dvs. vilkår som må vere oppfylt for at tilskotet skal bli utbetalt

8. Klagereglar

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av tilskot til opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak, er ikkje å rekne som enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova (fvl.) § 2 første ledd bokstav b. Kommunane har difor ikkje klagehøve på korkje tildeling eller krav om tilbakebetaling av tilskot jf. fvl. §§ 3 første ledd ledd og 28. Elles gjeld forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar.

9. Foreldingsfrist

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av tilskot til opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak, er ikkje å rekne som enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova (fvl.) § 2 første ledd bokstav b. Kommunane har difor ikkje klagehøve på korkje tildeling eller krav om tilbakebetaling av tilskot jf. fvl. §§ 3 første ledd ledd og 28. Elles gjeld forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar.

10. Kontakt IMDi

Spørsmål skal bli meldt til IMDi i supportsystemet Kontaktsenter for IMDinett.